



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Ein studie av fråfallet i ungdomsfotballen
i Sogndal

A study of the dropout in youth football
in Sogndal

Adrian Helgheim

Adrian Lindstad

Bjarte Leite Kalvøy

Økonomi & administrasjon

Fakultet for økonomi- og samfunnsvitskap (FØS)

Atanu Kumar Nath

14.05.2019

Innholdsfortegnelse

Forord	3
Samandrag	4
1.0 Introduksjon	5
1.1 - <i>Bakgrunn</i>	5
1.2 - <i>Presentasjon av problemstilling</i>	5
1.3 - <i>Omgrepsavklaring</i>	6
2.0 Teori	7
2.1 - <i>Bakgrunn for val av teori</i>	7
2.2 - <i>Hushaldsøkonomi</i>	8
2.3 - <i>Skatt</i>	8
2.4 - <i>Faste utgifter og variable kostnader</i>	9
2.5 - <i>Disponibel likviditet</i>	9
2.6 - <i>Statens institutt for samfunnsforskning (SIFO)</i>	9
2.7 - <i>Inntekt i Sogndal kommune</i>	12
2.8 - <i>Motivasjon</i>	14
2.9 - <i>Sjølvestemmelseteorien</i>	14
2.10 - <i>Målperspektivteorien</i>	15
2.11 - <i>Meistringsorientert motivasjonsklima</i>	16
2.12 - <i>Prestasjonsorientert motivasjonsklima</i>	17
2.13 - <i>Rettferdig fordeling av speletid - topping?</i>	17
2.13.1 - <i>Selektering eller differensiering</i>	17
2.14 - <i>Trenarens innverknad</i>	18
3.0 Metode	19
3.1 - <i>Val av metode</i>	20
3.1.1 - <i>Fordeler og ulemper med kvalitativt intervju</i>	21
3.2 - <i>Gjennomføring</i>	21
4.0 Presentasjon av datainnsamling	22
4.1 - <i>Informantenes bakgrunn</i>	22
4.2 - <i>Datainnsamling</i>	23
4.2.1 - <i>Oppsummering</i>	27
5.0 Drøfting og analyse	28
5.1 - <i>Det sosiale perspektivet</i>	29
5.2 - <i>Det økonomiske perspektivet</i>	30
6.0 Konklusjon	34
6.1 - <i>Vidare forskning</i>	35
7. Referanseliste	35

Forord

Denne bacheloroppgåva er skriva i samband med avslutninga av studiet i økonomi og administrasjon ved Høgskulen på Vestlandet. Skrivninga har tidvis føregått døgnet rundt, og me har hatt både tidlege morgonar og seine kveldar saman undervegs. Det har vore mange diskusjonar og usemjer undervegs, og me har alle utfordra kvarandre og me har lært sær mykje i prosessen.

I dag er me alle tre unge vaksne med ein enorm forkjærleik for idrett. Ein av oss er aktiv langrennsløpar, medan to av oss framleis trivst aller best når me knyt på oss fotballscoa. Me har alle frå me var born vore ein del av fleire ulike organiserte idrettar innanfor fleire ulike idrettslag. Våre beste minner frå barndommen og ungdomstida stammer alle frå ein idrettsarena, anten det er i langrennsløypa eller på den grøne fotballmatta. I fjor haust var det fleire av våre medstudentar som ikkje lenger hadde mogelegheit til å spela på fotballaget grunna trong økonomi. Medlemskontingent, høge treningsavgifter, utstyr og andre utgifter knytt til fotballen gjorde at dei måtte prioritera vekk idretten. Dersom utviklinga går mot at barnefamiljar òg får problem med å finansiera ungane si deltaking er me i ferd med å gjera oss sjølv ei skikkeleg bjørneteneste.

Det er viktig for oss å få takka vår rettleiar Atanu Kumar Nath, førsteamanuensis ved Instituttet for økonomi og administrasjon ved Høgskulen på Vestlandet, for gode samtalar og hjelp undervegs. Elles vil me òg takka emneansvarleg Gunnar Yttri for gode kurs i forkant av skrivninga, og ikkje minst alle som har bidrege til at me har fått gjennomført intervju og den metodiske delen av oppgåva vår.

Samandrag

Vår bacheloroppgåve er eit bidrag til forskinga kring temaet ungdom og idrett. På bakgrunn av tidlegare forskning og korleis media den siste tida har framstilt kostnader og fråfall i ungdomsfotballen har me valt å sjå nærare på dette fenomenet. Målet for oppgåva er sjå om økonomiske eller sosiale forhold kan vere bakgrunnen for at ungdom gjev seg med den organiserte fotballen. Me har teke føre oss ein lokal fotballklubb sine kostnader for å delta, samt hatt kvalitative djupneintervju med leiar, trenar og foreldre knytt til same klubb. Våre funn viser at kostnadsnivået rundt deltakinga på fotball kan vere medverkande på bakgrunn av data frå SIFO og våre intervju, men at det er i ein mindre grad ein det me hadde trudd på førehand. Det mest oppsiktsvekkande funna vart gjort blant dei sosiale faktorane, og då spesielt dei forskjellige oppfatningane rundt topping av lag i tidleg alder. Det viser seg vidare at dette har stor innverknad på den indre motivasjonen, som er sjølve drivkrafta for aktiviteten i denne alderen.

Me har konkludert med at kostnadsnivået for deltaking ikkje er ein direkte hindring for ungdom, men forstår at debatten vert teken og erkjenner at kostnadsnivået er i ei litt uheldig utvikling. Den viktigaste faktoren for fråfallet i ungdomsfotballen i Sogndal er knytt til sosiale forhold, då det viser seg at selektering skapar eit prestasjonsorientert motivasjonsklima. Eit slikt motivasjonsklima er med på å svekke den indre motivasjonen til ei ung spelargruppe, og bidreg til at fråfall oppstår.

1.0 Introduksjon

1.1 - Bakgrunn

Tidleg på 2000-talet uttalte den norske Regjeringa at idrett skulle vera for alle. Eit overordna mål var å leggje til rette for at flest mogleg skal få høve til å drive med idrett og anna fysisk aktivitet. Dei sentrale målgruppene skulle vera born og ungdom. (Kultur- og kirkedepartementet, 2002)

Mange idrettar i Norge har eit kostnadsnivå som går langt utanpå dei kostnadane unge fotballspelarar har knytt til sin idrett. Fotball er faktisk blant dei idrettane med lågast kostnadsnivå (Dagens Næringsliv, 2006), men likevel er det diverre for mange døme på unge som må gje opp draumen om å verte fotballproff grunna økonomiske utfordringar.

Kostnadsnivået er berre ein av faktorane som utgjør fråfallsproblemet i ungdomsidretten, og me skal også sjå på kva andre faktorar som spelar inn. Som nemnd i forordet er me tre unge menn som alle framleis er ein del av den organiserte idretten. To av oss er framleis aktive fotballspelarar, og det i kombinasjon med at det er den største idretten i landet om ein reknar etter medlemstal frå dei ulike særforbunda med heile 371 910 medlem pr. 2016 (Norges Fotballforbund, 2018, s.74), gjorde valet enkelt då me skulle avgrense oppgåva vår til ein idrett.

Me har vald å ta for oss Sogndal som vårt geografiske område for forskinga me skal gjennomføre. Sogndal er bygda me har studert i dei tre siste åra, og har i mange år marknadsført seg sjølv som «verdas einaste Eliteserie-bygd».

1.2 - Presentasjon av problemstilling

Problemstilling: Kva faktorar bidreg til fråfallet i ungdomsfotballen i Sogndal?

Delspørsmål 1: Kan ein faktor vere knytt til økonomiske forhold?

Dei seinaste åra har media ofte hatt fokus på prisnivået i barne- og ungdomsidretten. Skal økonomisk eksklusjon verkeleg vera eit problem i det som fleire gongar har vore kåra til

verdas rikaste land? Karen Kvalevåg som er generalsekretær i Norges Idrettsforbund uttrykte i fjor si bekymring knytt til det ho ser på som eit veksande klasseskilje i norsk idrett. «*Eit stort problem, og det triste er at problemet vert større*» uttalte Kvalevåg. (Laugaland, Schibevaag & Rørvik, 2018)

Me ser på konkrete tal frå SSB (Statistisk sentralbyrå) og SIFO (Statens institutt for samfunnsforskning), og samanliknar dei med tal me har samla inn frå ein lokal fotballklubb. Korleis harmonerer inntekts- og forbrukstala me finn med alle kostnadane knytt til å delta på fotballaget? Me vil òg gjennomføra ei kvalitativ undersøking, mellom anna for å finna ut om det er døme på at trenings- og medlemsavgifter ikkje vert betalt, og kva klubbane i så fall gjer i slike tilfelle.

Delspørsmål 2: Kan ein faktor vere knytt til sosiale forhold?

Alle har ulike evner, og i denne alderen er det store skilnadar i fysiske forutsetningar. Kva skjer når spelarane vert delt opp i ulike lag etter ferdigheitsnivå? Kva skjer med motivasjonen til ein 13-åring når han vert splitta frå klassekameratane sine, berre fordi dei er flinkare enn han i så ung alder?

Sosiale forhold kan vera so mangt, men me vil vektlegga forholda knytt til miljøet rundt og på fotballaget. Er for tidleg topping ein faktor som påverkar motivasjonsklimaet i laget? Lukkast klubben med å differensiere, og ikkje selektare?

1.3 - Omgrepsavklaring

Her vil me definera nokre få omgrep som kjem til å gå attende i oppgåva.

Ungdomsidrett

For å fastslå kva me legg i omgrepet ungdomsidrett siterar me Norges idrettsforbund:

«*Ungdomsidrett er definert som aktivitetar for medlemmer i aldersgruppa 13-19 år, det vil seie perioden med ungdomsskule og vidaregåande skule.*» (Norges idrettsforbund, u.å.)

Fråfall

Fråfall kan definerast som å fjerna seg frå noko. I vårt tilfelle vil det seie å slutta på fotballaget.

«... det man ofte omtalar som fråfall er ein prosess som både kan omfatte endringar i medlemskap, fysisk aktivitet og sosial deltaking – og ikkje minst, ulike kombinasjonar av desse faktorane...» (Seippel, 2005, s.7)

Topping

«Topping betyr forenkla sagt at dei beste spelarane får mest speletid. Denne fordelinga kan sjåast på som ei hierarkisk (rangering) fordeling av speletida.» (Storø, 2006, s. 83)

2.0 Teori

2.1 - Bakgrunn for val av teori

Me vil i denne oppgåva undersøkje om kostnadsnivået i ungdomsfotballen kan vera ei avgrensing for deltaking, i tillegg til å sjå nærare på fotballen som ein sosial arena og kva innverknad sosiale faktorar har på fråfallet. Kostnadane knytt til deltakinga på eit fotballag må identifiserast, og me nyttar teori om klassifisering av kostnader, samt økonomistyring for å undersøkje dette området. Kostnadane knytt til deltaking på eit organisert fotballag kan identifiserast som ein utgiftspost i eit hushaldsbudsjett, og me vel difor å ta for oss hushaldsøkonomien, samt å sjå på referansebudsjettet som vert lagt fram av Statens institutt for samfunnsforskning (SIFO) for å sjå om budsjettet har teke høgde for at barna skal kunne delta i idretten. Me presenterer òg ei oversikt over inntekter og inntektsforskjellar i Norge og Sogndal fordelt på hushaldet for å kunne vise inntektsforskjellane her. I tillegg opplyser me om skatt for å få fram velferdsgodane me får av å betale skatt.

I den sosiale delen av oppgåva tek me for oss teori knytt til motivasjon. Grunnen for å ta med motivasjon er at det er sentralt å forstå forskjellen mellom indre og ytre motivasjon. Det bringar oss inn på sjølvbestemmelsesteorien, som tek for seg korleis utviklinga av indre motivasjon går føre seg. Dette er veldig relevant med tanke på at fokusområdet vårt er indre motivasjon, og at ein seinare kan binde dette saman med trenarens innverknad på motivasjonsklimaet. Me tek føre oss målperspektivteorien som handlar om meistrings- og prestasjonsorientert motivasjonsklima. Grunnen til at me har vald å ta med dette i teorien er at det er viktig å forstå skilnaden på desse to i undersøkinga av ei gruppe. Me ser og nærmare på kva som er rettferdig fordeling av speletid, topping av lag, og i tillegg kva differensiering og selektering er. Kan dette auke/minske motivasjonen for spelarane? Til slutt går me igjennom

kva innverknad trenaren har på motivasjonsklimaet.

2.2 - Hushaldsøkonomi

Ein hushaldsøkonomi definerast av Statistisk sentralbyrå, frå no av forkorta SSB, til «*dei som til dagleg har ein felles økonomi og bur saman*» (Statistisk sentralbyrå 2018). Det er fleire andre forhold og element som har betydning for fastsetjinga rundt hushaldsøkonomien.

Stortinget og statsbudsjettet si regulering av skattesatsane, i tillegg til storleiken av pensjon- og trygdeytningar er blant nokre av elementa som påverkar hushaldsøkonomien. Om ein går inn i det makroøkonomiske perspektivet, så vil hushaldsøkonomien òg verte påverka av næringslivet og marknaden både innanlands og utanlands, med tanke på prisar og svingingar i valutakursen. Dei fleste mottok lønnsinntekt frå sin arbeidsplass, dette gjev vidare betalingsvilje for varer og tenester på marknaden. (Hveem 1998 s.3-4)

Kvart hushald er sin eiga privatøkonomiske eining. Dersom ein skal formulere ein enkel hushaldsøkonomi, vil den bestå av desse elementa:

$$\begin{array}{r} \text{Inntekt} \\ - \quad \text{Skatt} \\ - \quad \text{Faste utgifter} \\ = \quad \text{Disponibel likviditet} \end{array}$$

(Holte & Nøstdal, 2016, s. 10)

Om ein ser på eit budsjett er det vanleg å ta utgangspunkt i netto inntekt. Med andre ord, utbetalt lønn minus skattar og avgifter. I eit familiebudsjett vil òg andre inntekter som til dømes barnetrygd, køyregodtgjersle, bustønad og pensjonar inngå (Hveem 1998 s. 50).

Inntekta skal dekke utgifter og kostnader knytt til bustad, mat, klede, fritidsaktivitetar og andre utgifter som måtte oppstå i eit hushald.

2.3 - Skatt

I Noreg har me eit skattesystem som skal representera skattenøytralitet og symmetri (Hveem 1998 s.59). Me betalar direkte skatt og indirekte skatt. Direkte skatt er rekna som inntekts- og formueskatt, som vil sei pengar ein får av å jobbe, næringsverksemd og renter på bankinnskot. Indirekte skatt kan vere meirverdiavgift, som til dømes kan vere 25 % av salssummen på ei

vare eller ei teneste. I Noreg er me svært heldige og har mange velferdsordningar. Det er noko som kostar svært mykje pengar, og alle norske statsborgarar betaler sin del gjennom skatt for at velferdstilbodet skal oppretthaldast. På den måten kan ein sei at skatt er som eit stort spleiselag i Noreg, der me betalar etter evne og mottak velferdsgodane når me treng dei (Skatteetaten 2019). Me kjem ikkje til å gå nærare inn på betaling av skatt i oppgåva, då me tek utgangspunkt i inntekt etter skatt og skal sjå nærare på den disponible inntekta.

2.4 - Faste utgifter og variable kostnader

Hveem (1998, s.52) definerer kostnad som forbruk av ressursar, mens utgifter er anskaffing av ressursar vurdert i pengar. I praksis vil faste utgifter til dømes vera bustadlån. Sidan det er ein fast kostnad, om ein ser bort i frå regulering av bustadlån si rente, som jamleg kjem kvar månad/kvartal/år. Variable kostnader er den faktoren som enklast kan styrast av eit hushald. I praksis er variable kostnader postar som mat, klede, fritid og liknande. Her er det stor forskjell på korleis eit hushald til eit anna vil prioritera. Me vil difor i denne oppgåva ta utgangspunkt i Statens institutt for samfunnsforskning, frå no av forkorta SIFO, sine referansebudsjett og få fram mest mogleg alminnelege utgifter knytt til forbruk.

2.5 - Disponibel likviditet

Hveem (1998 s. 15f) presiserer at elementa; Inntekt, skatt, faste utgifter og variable kostnader kan vera tilsynelatande gitt. Men elementa vert sterkt påverka av variablar som talet på personar, alder, geografisk, demografisk og variasjonar i hushaldet. All variasjon i desse førar til endringar i den disponible inntekta. Lang (1993 s. 4ff) meiner at planlegging er viktig for å få betre kontroll over privatøkonomien, samt eigne midlar og lettare for å oppnå ein ønska livsstil. Ein kontroll av privatøkonomien er grunnleggjande for å finna ut av kva pengane vert nytta til, og kva ein ynskjer å anvenda pengane til i framtida (Rabbevåg 1992 s. 34). Det som til slutt står igjen av inntekt etter at avgifter og skatt, samt dei faste utgiftene går til å betale det kvardagslege behovet (Hveem 1998 s. 49). Det er individa sjølv sine ynskjer og behov som er avgjerande for korleis den disponible inntekta vert disponert og prioritert.

2.6 - Statens institutt for samfunnsforskning (SIFO)

SIFO er eit statleg, ikkje-kommersielt tverrvitskapleg forskingsinstitutt ved Senter for velferds- og arbeidslivsforskning (SVA) ved OsloMet. Forskarane ved SIFO er delt inn i to

forskningsgrupper, derav forbrukarpolitikk- og økonomi i tillegg til teknologi og berekraft. I vår oppgåve vil forbrukarpolitikk- og økonomi vere det mest relevante (SIFO u.å.a).

SIFO utarbeidar kvart år eit referansebudsjett. Budsjetta skal vere likeverdig eit alminneleg familiebudsjett og kan endrast for ulike hushald. Budsjettet inkluderer daglegdagse postar som til dømes mat, hygieneartiklar, kle og transport. I tillegg reknar den med utgifter til sjeldnare kjøp som elektronisk utstyr og møblar. Det er òg postar referansebudsjettet ikkje tek høgde for, til dømes feriar, utstyrskrevjande eller lukrative fritidsinteresser, hendingar som bursdag, konfirmasjon og liknande. Bustad og kostnadane som kjem i samanheng med det er heller ikkje ein del av budsjettet. Referansebudsjettet visar eit fornuftig forbruksnivå, som ein gjennomsnittleg mann/dame i gata hadde godtatt. Hensikta for referansebudsjettet er å framstilla eit forbruksnivå «som gjer det mogleg for hushaldet sine personar å delta på dei mest vanlege fritidsaktivitetane på ein fullverdig måte» (SIFO u.å.b).

Tabell 1 visar eit døme på korleis eit referansebudsjett ser ut for eit hushald for fire personar. Hushaldet består av ein mann og ei kvinne i alderen 20-50 år, i tillegg til to barn i alderen 10-13 år og 14-17 år. Det er òg lagt til ein bil i budsjettet. I posten leik og mediebruk er det satt av kr 3 640. «Budsjettposten omfattar leiker til barn, sykklar, sportsutstyr, bøker, dataspel, kino, teater osv. Budsjettet gjev rom for deltaking i enkle fritidsaktivitetar, inklusive medlemskap i frivillige organisasjonar. Budsjettet reknar i utgangspunktet ikkje med arv av fritidsutstyr. Utgifter til kjøp og nytte av smarttelefon, med mellom anna moglegheit for å spele musikk, er med i alle aldersgrupper frå 10 år.» (SIFO u.å.c).

Tabell 1 –SIFO referansebudsjett med to inntekter

Individspesifikke utgifter	
Mat og drikke	7 864kr
Kle og sko	2 232kr
Personleg pleie	1 680kr
Leik og mediebruk	3 640kr
Reise (Kollektiv)	2 208kr
Spedbarnsutstyr	0kr
<u>Sum</u>	<u>17 624kr</u>

Stordriftsfordel 20% reduksjon

Hushaldsspesifikke utgifter	
Andre daglegvarer	580kr
Hushaldningsartiklar	610kr
Møbler	620kr
Mediebruk og fritid	2 410kr
Bil (drift og vedlikehald)	2 340kr
Barnehage	0kr
Aktivitetsskule (SFO)	0kr
<u>Sum</u>	<u>6 560kr</u>

Totalt forbruk

Totalt summert månedleg forbruk for heile hushaldet	24 184
---	---------------

Opphavleg er det budsjettert med kr 1 010 i månaden for leik og mediebruk i alderen 10-13 år, kr 1 160 for alderen 14-17 år og kr 1 190 for alderen 17 år og eldre. Sidan SIFO har budsjettert med 20% stordriftsfordelar, går det fram i tabell 1 at det er rekna ut ein utgift på kr 3 640 for heile hushaldet med to inntekter. Medan i tabell 2 går det fram at utgifta ligger på kr 3 360 med ein inntekt for hushaldet. I følgje SIFO sine referansebudsjett går det også fram at posten leik og mediebruk årleg vil koste kr 9 696 for alderen 10-13 år, medan alderen 14-17 år vil koste kr 11 136 (SIFO u.å.c).

Tabell 2 – SIFO referansebudsjett med ein inntekt

Individspesifikke utgifter	
Mat og drikke	7 520kr
Klede og sko	2 010kr
Personleg pleie	1 370kr
Leik og mediebruk	3 360kr
Reise (Kollektiv)	1 472kr
Spedbarnsutstyr	0kr

<u>Sum</u>	<u>15 732kr</u>
Stordriftsfordel 20% reduksjon	

Hushaldsspesifikke utgifter	
Andre daglegvarer	410kr
Hushaldningsartiklar	480kr
Møbler	490kr
Mediebruk og fritid	2 270kr
Bil (drift og vedlikehald)	2 340kr
Barnehage	0kr
Aktivitetsskule (SFO)	0kr
<u>Sum</u>	<u>5 990kr</u>

Totalt forbruk

Totalt summert månedleg forbruk for heile hushaldet	21 722
---	---------------

2.7 - Inntekt i Sogndal kommune

I vår oppgåve vil me ta utgangspunkt i medianinntekt. Dette på grunn av at ei gjennomsnittsløn vil verte påverka av store løningar, medan utslaga i lågare inntekt vil bli avgrensa av null eller minstelønnstariffer. Av å sortere løningane i stigande rekkefølge, og deretter finne den lønsverdien nærast midten verdt difor meir reelt (SSB, 2017). Fokuset vårt vil hovudsakeleg vera på hushald med par eller einsleg med born i alderen 10-17 år.


I tabell 3 registrerer me at medianinntekta i Noreg for hushald med par m/barn er kr 889 400, medan einslege m/barn har ei inntekt på kr 410 100. Vidare i tabell 4 går det fram at medianinntekta for hushald i Sogndal kommune er kr 808 000 for par m/barn og kr 423 000 for einslege m/barn. Prosentvis skilnad mellom hushald i Noreg og Sogndal kommune vert då 9,15% lågare inntekt for par m/barn, medan den prosentvise skilnaden for einslege hushald m/barn er 3,04% høgare inntekt.

Tabell 3 – Medianinntekt for hushald i Noreg (SSB, 2018)

Inntekt etter skatt for hushald etter hushaldstypar. Median	
	Median inntekt etter skatt
	2017
Alle hushald	510 000 kr
Aleinebuande under 45 år	293 100 kr
Aleinebuande 45-64 år	329 500 kr
Aleinebuande 65 år og eldre	266 300 kr
Par utan barn, eldste person under 45 år	604 800 kr
Par utan barn, eldste person 45-64 år	764 500 kr
Par utan barn, eldste person 65 år og eldre	574 000 kr
Par med barn, yngste barn 0-6 år	762 800 kr
Par med barn, yngste barn 7-17 år	889 400 kr
Par med vaksne barn, yngste barn 18 år og eldre	993 700 kr
Einsleg mor/far med barn 0-17 år	410 100 kr
Einsleg mor/far med vaksne barn, 18 år og eldre	549 100 kr

Figur 1 – medianinntekt for hushald i Sogndal Kommune. (SSB, 2018)

Inntekt etter skatt for husholdningene



2.8 - Motivasjon

Motivasjon tydar grunnar til vår åtferd. Folkepsykologien har to krav som må ta plass før ein kan gjere noko, ein må kunne og ynskje. Kva ein ynskjer er på bakgrunn av intensjonar av lyst og behov. Indre forklaringar som dette kan vera nok til å forklare eins åtferd. Også omgjevnadane rundt spelar ei stor rolle på kva me gjer (Holden, B. 2010).

Ein skil mellom indre og ytre motivasjon. Indre motivasjon er når ein set individets nysgjerrigheit og interesse som utgangspunkt. Eit døme er at ein spelar fotball fordi ein synest det er kjekt. Ytre motivasjon handlar om når ein ikkje set aktiviteten som utgangspunkt, men ein får ei slags betaling for det. Eit døme kan vera at ein har som mål å rykke opp ein divisjon (Imsen, G. 2008).

2.9 - Sjølvbestemmelseteorien

For å kunne forstå motivasjon i idrett og fysisk aktivitet er sjølvbestemmelseteorien eit godt rammeverk. Sjølvbestemmelseteorien fokuserer på utviklinga av den indre motivasjonen

gjennom å oppnå behova for autonomi, kompetanse og den sosiale tilknytninga (Deci & Ryan, 1985). Imsen, G. (2008) definerte indre motivasjon som at «*Ein set individets nysgjerrigheit og interesse som utgangspunkt*». Meir spesifikt definerte Deci og Ryan (2000) indre motivasjon som «*Deltaking for aktiviteten sin eigenverdi, i motsetning til ytre motivasjon som assosierast med lysten etter lønn for strevet, eller liknande ytre incitament*». Eit individ vert engasjert i gleda av å delta i aktiviteten eller utfordringa som følgjer med.

Autonomi, kompetanse og sosial tilhøyrsløse er nødvendige forhold for eit individs trivsel, vekst og psykisk utvikling (Deci og Ryan, 2002). Indre motivasjon vil dermed førekomme i større grad om individet får tilfredsstillt desse psykologiske behova (Deci & Ryan, 2000). Sidan deltaking i organisert idrett vanlegvis er frivillig, kan ein få utvikling både sosialt, fysisk og psykisk. Kort sagt kan det gje rom for leik og det kan vera ein naturleg arena for utvikling av indre motivasjon (Deci & Ryan, 1985).

2.10 - Målperspektivteorien

Det argumenterast innanfor målperspektivteori at kjensla av å kunne føle seg kompetent og å kunne meistre noko er viktige forløparar for motivert atferd (Nicholls, 1984). Teorien seier at kvaliteten på utøvarens idrettsoppleving dannar seg etter korleis han/ho definerer suksess, samt vurderer sine egne ferdigheiter. Motivasjon kjem frå ynskjer om å demonstrere ekspertise overfor andre eller seg sjølv, seier Nicholls (1998). Når det kjem til motivasjon blant andre og seg sjølv, meiner Ames (1992) at dei vanlegaste perspektiva på målperspektivteorien er meistringsorientert- og prestasjonsorientert motivasjonsklima.

Tabell 4: Psykologisk motivasjonsklima (Ames & Archer, 1988, s.261)

Dimensjonar	Meistringsorientert	Prestasjonsorientert
Suksess definert gjennom:	Forbetring, framgang	Tilfredsstillande resultat
Verdigrunnlag:	Innsats, læring	Normative gode eigenskapar
Bakgrunn for tilfredsheit:	Hardt arbeid, utfordringar	Prestere betre enn andre
Trenarens fokus:	Korleis utøvarar lærer	Korleis utøvarar presterer
Korleis feil vert oppfatta:	Naturleg del av læringa	Angstframkallande
Kva vert gjeve merksemd:	Prosessar for læring	Eigen prestasjon samanliknast med andre
Bakgrunn for innsats:	Tileigne nye eigenskapar	Gode prestasjonar, prestere betre enn andre

Kriteria for evaluering:	Personleg framgang	Andre prestasjonar
--------------------------	--------------------	--------------------

Før me skal sjå nærare på dei vanlegaste perspektiva innan målperspektivteorien må me kjenne til kva eit motivasjonsklima er. Motivasjonsklimaet beskriv den sosiale konteksten i ei gruppe eller eit lag (Roberts, 2001), eller som Ames og Archer (1998) med andre ord seier, sjølve miljøet rundt utøveren, kombinert med innverknadar frå miljømessige signal er motivasjonsklima. Ei gruppe eller eit lags motivasjonsklima kan utviklast både bevisst og ubevisst gjennom samhandlinga og kommunikasjonen som oppstår på trening og i konkurranse (Ames, 1992). Skaalvik (2015) poengterer at skulen og lærarens haldningar og signal som vert gjeve til elevane om kva som er riktig har svært stor verknad for det motivasjonelle klimaet i klassen. Dette vil òg vera likedan for eit fotballag der trenaren har stor innverknad.

2.11 - Meistringsorientert motivasjonsklima

I eit meistringsorientert klima fokuserer ein på innsats, og ikkje ferdigheiter (Rudisill, 2016). Alle er på lag og kvar enkelt sitt bidrag, er like viktig. I tabell 4 ovanfor, (Ames & Archer, 1988) ser ein at ein fokuserer på læringa gjennom utvikling av eigne ferdigheiter, forbetring av dei og god innsats. Det som er viktig er at utøvarens personlege mål må stå sentralt i meistringsorientert motivasjonsklima, med tanke på at kvar utøvar skal ha moglegheit til å styre sin eigen utviklingsprosess, samt kontroll (Roberts, 2012). Utøvarane bør òg ha god innverknad når det kjem til kunngjeringar rundt trenings- og konkurransekvardagen, noko som bidreg til ein positiv assosiasjon til idretten ein held på med (Ames, 1992).

Som nemnt ovanfor står trenaren veldig i fokus for motivasjonsklimaet. For at et meistringsorientert motivasjonsklima skal fungera må trenaren for eksempel fordela laga med baktanke basert på individuell utvikling (Ames, 1992). Utøvarane skal òg føla at dei vert behandla rettferdig sjølv om det er ulike ferdigheitar/nivå på laget (Roberts, 2012).

Det som er essensielt i denne typen klima er at meistring og forbetring går framfor prestasjonar og sosial samanlikning. Difor bør det vera rom for å gjere feil i læringsarbeidet. Dette gjer utøvarane mindre usikre og aukar lysten til å utfordra seg sjølv, samt at aktivitet vert meir ettertrakta (Ommundsen, 2006).

2.12 - Prestasjonsorientert motivasjonsklima

I eit prestasjonsorientert motivasjonsklima vert det vektlagt (sjå tabell 4 (Ames & Archer, 1988)) ferdigheiter, gode normative prestasjonar, sosial samanlikning, favorisering av enkeltspelarar og ros til den eller dei som er overlegne andre. Det som er viktig er å vinne over andre. Det er liten aksept for å feila når det kjem til nye ferdigheiter og det kan utvikle innstillingar hjå utøvarane som gjer at dei anten vel for enkle eller for vanskelege oppgåver (Ames, 1992; Nicholls 1989). Praksis som dette kan skapa frykt for å ikkje meistre nye oppgåver/moment i idretten. Det kan også ha ein negativ verknad på utøvarens innsats, motivasjon, sjølvtilit, og ein kan verte meir nervøs for nye og kompliserte ferdigheitar (Ames, 1992; Roberts 2012).

Evalueringa skjer ofte i offentlegheita slik at alle andre får det med seg, og trenaren deler laga på trening ut ifrå ferdigheiter (Ames, 1992). Det er eit enormt prestasjonsfokus og dette kan dermed føre til at folk er meir defensive i møte med nye aktivitetar.

Resultatet kan dermed verte svekka ved at utøvarane trur det ikkje nyttar, ynskjer å visa at dei får det til sjølv om dei ikkje yt maksimalt, eller grunna at dei vil skjule svake ferdigheitar. Med eit så høgt prestasjonsfokus mellom utøvarane i laget kan det føre til mindre samhald og dårlegare relasjonar mellom utøvarane (Ommundsen, 2006).

2.13 - Rettferdig fordeling av speletid - topping?

I barnefotballen (6-12 år) skal alle spelarane gjennom sesongen ha tilnærma lik speletid. (Norges fotballforbund, u.å.) I ungdomsfotballen derimot, er det fullt og heilt opp til trenaren å bestemma fordelinga av speletid. Difor ser me ofte eit markant brot ved overgangen mellom barne- og ungdomsfotball, og overgangen frå 7'ar fotball til 11'ar fotball som skjer ved 13-års alderen. I følgje Storø (2006, s. 24) er det mange som vel å slutta med fotball i denne overgangsfasen.

2.13.1 - Seleksjon eller differensiering

Differensiering handlar i stor grad om å driva «positiv forskjellsbehandling» og korleis me kan dele inn treningsgruppa og tilpassa treningsøkta til dei enkelte. Alle spelarane må med andre ord få arbeidsoppgåver i løpet av treninga som er tilpassa egne føresetnadar (Larsen, 2011, s. 241).


Larsen (2016) skreiv òg ein artikkel om kva differensiering ikkje er. «Mislukka differensiering» eller differensiering som er drege alt for langt, er selektering. Eit døme på selektering kan vera å dela treningsgruppa inn i to eller tre ferdigheitsnivå og la dei trene på ulike tidspunkt, eller å ha treningar som er eksklusivt for nokre av nivåa.

2.14 - Trenarens innverknad

Som nemnt, så vert det antatt at trenaren er den viktigaste personen bak motivasjonsklimaet i eit lag/gruppe (Ames,1992). Utøvarane har mykje kontakt med trenaren gjennom trening og konkurranse. Måten dei kommuniserer saman på, er heilt avgjerande for motivasjonsklimaet (Ames,1992). Trenarens åtferd, stil, respons, undervising og evaluering er viktig i ein to-vegs interaksjonsprosess mellom trenar og utøvar. Følgjene av dette kan påverke motivasjonsklimaet i laget (Keegan, Harwood, Spray & Lavallo, 2009).

I ei undersøking gjort blant over 70 unge landslagsspelarar (gutar og jenter), svarte 50% at trenaren var den viktigaste personen for deira motivasjon og fotballsatsing i ungdomsåra. (Larsen, 2011, s. 34)

Figur 2. Kva person hadde størst betydning for deg i alderen 12-16 år?



Fra «Flest mulig – lengst mulig – best mulig», av Øyvind Larsen for Norges Fotballforbund, 2011, s. 34. Oslo, Akilles forlag.

3.0 Metode

Metode er kunnskap om verktøy som kan samle inn ønska informasjon (Halvorsen, 2002). Ved gjennomføring av ei undersøking eller eit forskingsprosjekt må ein nytte ein eller anna form for metode. Metodane handlar om korleis ein hentar inn, organiserer og tolkar informasjon (Larsen, 2010, s.17).

Ein skil som regel mellom to hovudtypar metode; kvalitativ og kvantitativ metode (Larsen, 2010, s. 21). Det er ein kvalitativ metode om ein samlar inn data i form av tekst og eit intervju mellom forskingsansvarleg og respondentane (Halvorsen, 2002). Derimot ved ein kvantitativ undersøking er det normalt med innsamling av data i form av tal (Halvorsen, 2002).

Larsen (2010) har laga fylgjande oversikt over dei viktigaste forskjellane mellom dei to ulike metodane, som er basert på tidlegare arbeid av mellom anna Halvorsen 2003, Johannesen og Tuft, 2002 og Hellevik 2002:

Tabell 5: Viktige forskjellar mellom dei to ulike metodane (Larsen, 2010)

	Kvantitative metodar	Kvalitative metodar
Problemstilling	Spørsmål og hypotesar	Spørsmål og temabeskriving
Einingar og variablar	Breidde: få opplysingar om mange einingar	Djupn: mange opplysingar om få einingar
Innsamlingsmetodar	Systematisk og strukturert (faste spørsmål i same rekkefylgje). Eks. spørjeskjema	Ustrukturert (eller mindre strukturert). Eks. uformelle intervju
Presentasjon av data	Tall i form av tabellar og figurar	Illustrasjon ved sitat
Arbeidsform	Forholdsvis liten fleksibilitet. Arbeider med fasane nokså åtskild.	Stor fleksibilitet. Fasane er ikkje så åtskild, det er ofte slik at utviklinga av problemstillinga, datainnsamlinga og analysen føregår til dels samtidig og i fleire rundar.

Nytte	Kan generalisere.	Kan ikkje generalisere, men undersøkinga har overføringsevne.
Type informasjon	Kan samanlikne. Systematisk klassifisering og oppteljing av nokon utvalde eigenskapar.	Heildom og fullstende, ynskjer å sjå mønster i heilheita av eigenskapar.
Mål ved undersøkinga	Ynskjer å forklare.	Ynskjer å oppnå forståing.

3.1 - Val av metode

For å koma i djupna på det me skal undersøkjja, har me vald å anvende kvalitativ metode i form av djupneintervju. Ved å nytte dette verktøyet vil ein unngå at undersøkingane kan verte for lukka og avgrensa. Som forskingsmetode viser intervju seg, i følgje Jacobsen, (2005, s 131) til å vera den best eigna metoden når det er få einingar som skal undersøkast og det er interessant kva kvart enkelt individ har å seie. For å gjennomføre intervjua med høgst mogleg kvalitet, er det viktig at intervjuar har kunnskap om emnet og at intervjuar kan skape tillit til intervjuobjektet (Jacobsen, 2005, s 149).

Eit kvalitativt intervju har som hensikt å gå i djupna. Eit lite tal på intervjuobjekt vil difor vera gunstig. Me valde å avgrensa talet på intervju til maksimalt fem informantar, då gode samtalar med færre intervjuobjekt vil kunne gje svært god data for vår oppgåve (Dalland, 2012, s 78).

Det viktigaste med intervjuet er å leggje til rette for kunnskap i intervjuprosessen. I forhold til ein vanleg samtale, ber eit intervju meir preg av struktur og hensikt. Det går føre seg som ein spørje-lytte-samtale mellom intervjuar og intervjuobjekt, med fokus på dynamikk og kritisk innstilling til det som vert sagt (ibid). I ei undersøking er det viktig at intervjuobjekta vert gjort oppmerksom på kva som skal undersøkast og til kva nytte. At intervjuobjekt godtar undersøkinga vil det vere innforstått at intervjuobjekt har kompetanse, full informasjon og forståing og står fritt til å svare på spørsmål (Jacobsen, 2005, s 125). I vårt tilfelle vart intervjuobjekta tilsendt ein e-post med informasjon om prosjektet, samt eit vedlegg med spørsmål me hadde ynskje om å få svar på.

3.1.1 - Fordelar og ulemper med kvalitativt intervju

Fordelar med eit kvalitativt intervju er at forskaren møter intervjuobjektet ansikt til ansikt. Dette er ein fordel når det kjem til fråfall. Eit døme kan vera at det ikkje er så mange som trekk seg frå intervju, derimot vil mange fleire unngå å svara på eit tilsendt spørjeskjema. Ein anna fordel er at forskaren kan gå i djupna når det er nødvendig, noko som gjer at ein får eit større overblikk og forståing av fenomenet ein studerer. I intervju kan ein òg koma med oppfølgingsspørsmål, som gjer at ein får meir utdjupande og utfyllande svar, og dermed kan rydda opp i eventuelle uklarleikar. Konsekvensane av dette er at forskaren får ei god forståing om kva realiteten er, noko som er nødvendig for å kunne forklara dei funna som har oppstått.

Moglegheita til å stille utdjupande spørsmål, stille fleire spørsmål, at intervjuobjektet kan snakke fritt og det at ein kan rydde opp i uklarleikar, styrkjar validiteten til undersøkinga. Ein viktig fordel er at når ein opererer på feltet, så kan observasjonar av intervjuet og andre observasjonar gjere det enklare å tolke svara. Døme på dette kan vera kroppsspråket til intervjuobjektet (Larsen 2010, s.26).

Ei ulempe med eit kvalitativt intervju kan vera at ein ikkje kan generalisere. Det kan òg vera veldig tidkrevjande og vanskeleg å behandle innsamla data i ettertid med tanke på at det ikkje er ferdige svarkategoriar som er kryssa av. Det kan vera omfattande å klassifisere materialet og deretter samanlikne svara med kvarandre. At ein ikkje er anonym når ein svarar på spørsmål, kan òg vera ei ulempe. Det er vanskeleg å vera ærleg når ein sitt ansikt til ansikt, i forhold til når ein sitt med eit skjema og kryssar av svara anonymt. Andre ulemper er at forskaren sjølv eller sjølve metoden, direkte eller indirekte, kan påverka intervjuresultatet. Dette kan til dømes vera at intervjuobjektet svarar det han/ho trur forskaren vil at ein skal svare, for å gjere eit godt inntrykk, for å skjule at ein ikkje veit, eller svarar det han/ho trur er allment akseptert. Det at folk veit at dei vert observert, kan føra til at dei har ein anna åtferd enn normalt. Informasjonen som har vorte samla inn vert då heilt verdiløus (Larsen 2010, s.26-27).

3.2 - Gjennomføring

I fylgje Cassell og Symon (2004) kan me dela prosessen med å konstruera og nytta kvalitative forskingsintervju inn i fire steg. Først definerer me forskingsspørsmålet. Deretter lagar me ein

intervjuguide som skal hjelpe oss gjennom sjølve intervjuprosessen. Det tredje steget er å rekruttere aktuelle kandidatar til intervju, og til slutt skal intervju gjennomførast på ein best mogleg måte.

Då me hadde utarbeida problemstillinga vår og skrive teoridelen av bacheloroppgåva vår, laga me ein intervjuguide knytt opp mot teorien me hadde skrive. Ein intervjuguide består av spørsmål og stikkord som vert nytta som rettleiing undervegs i det ustrukturerte intervjuet. Intervjuguiden vert ofte nytta som ei sjekklister slik at ein har kontroll på at alle aktuelle tema eller spørsmål har vorte snakka om (Larsen, 2010, s.83).

I vårt tilfelle viste det tredje steget seg å vera det mest utfordrande. Det at me avgrensa det geografiske området til Sogndal og hadde fokus på ungdomsfotballen gjorde at kandidatane som var aktuelle, ikkje var so mange som me hadde håpa. Me ville i tillegg ha kandidatar som hadde ulike roller innanfor ungdomsfotballen, då me ville sjå om synspunkta på ulike punkt endra seg veldig etter kva rolle ein har. Vil til dømes ein forelder ha same synspunkt på tidleg topping som ein leiar med ansvar for sportslege resultat på seniornivå i klubben? Sannsynlegvis ikkje, skulle det vise det seg.

Me gjennomførte to intervju i mars, og to i april. Intervjua føregjekk ansikt til ansikt, både for at samtalen skal gå lettare og for at me skal kunne observere spesielle kroppsspråk eller andre ting av interesse. Tre av intervjua fant stad på høgskulen, mens i eit tilfelle møtte me opp på informantens arbeidsplass. Før intervjua vart satt i gang, vart alle intervjuobjekta spurt om me fekk nytta bandopptakar, noko alle samtykka til. Samtidig vart det tatt flittige notat for å sikre oss mot ein eventuell teknisk svikt med bandopptakaren.

4.0 Presentasjon av datainnsamling

Me vil i dette kapittelet presentere intervjua me har gjennomført og funna me gjorde der. Alle informantane er knytt til same lokale fotballklubb.

4.1 - Informantanes bakgrunn

Informant 1

Informant 1 er forelder for to aktive fotballspelarar på høvesvis 13 og 15 år. Informanten har

gjennom alle åra sonen har vore aktiv, vore engasjert i fotballen. Han har også tidlegare vore med rundt trenarteamet til dotteras lag. Informanten har sjølv lenge vore aktiv fotballspelar, men er no fyrst og fremst engasjert i fotballen på grunn av borna.

Informant 2

Informant 2 er tilsett i den sportslege leiinga i klubben. For at me skal kunne halde informanten anonym vil me ikkje konkretisera hans stilling ytterlegare. Han har lite trenarerfaring, men har sjølv vore aktiv fotballspelar i mange år. Også denne informanten har born som er eller har vore aktive fotballspelarar, men denne informanten vert intervjuja grunna si rolle i leiinga av klubben, ikkje som forelder.

Informant 3

Informanten er trenar for sonen sitt fotballag i aldersklassen gutar 13/14 år. Laget han trenar spelar 9'ar fotball og er «2. laget» til smågutane. Han har ingen trenarutdanning, og er det som ofte vert kalla ein foreldretrenar. Informanten er sjølv veldig glad i fotball, og han har vore trenar for sonen sin heilt sidan han byrja å spele fotball i 6-årsalderen. I tillegg til interessa han har for fotball, såg han på trenarrolla som ein mogelegheit til nytte meir tid saman med sonen sin.

Informant 4

Denne informanten er forelder til ein aktiv fotballspelar på 14 år. Informanten har tidlegare i fleire år vore trenar for sonen sitt lag, men er i dag berre ein engasjert forelder. Informanten er fyrst og fremst glad for at sonen deltek i den organiserte idretten for å få tilfredsstilt sine fysiske og sosiale behov.

4.2 - Datainnsamling

Etter at me fyrst hadde blitt litt kjend med informantane, starta me intervjuja med å spørje om deira generelle tankar kring fråfall i ungdomsfotballen, og kva dei trur er dei vanlegaste årsakene til at ungdom gjev seg med fotballen. Dei to foreldra, informant 1 og 4, er her samde om at det utvilsamt er tidleg topping som er mest øydeleggjande for motivasjonen til unge fotballspelarar:

Informant 1 seier at topping av lag spelar ei stor rolle når det gjeld fråfall frå fotballen, og dei

som ikkje er med på det beste laget kan ofte føle seg litt utanfor. Han legg til at grupperingar og splitting frå klassekameratar går ut over motivasjonen og iveren for ungdom til å ynskje å spele fotball.

Informant 4 delar synet til informant 1, og uttrykkar at det sosiale rundt idretten er særst viktig. Eit av dei store problema rundt fråfall meiner han er prestasjonskulturen som byggjer seg opp i 13-14 års alderen: «*Dette skapar splid internt i gruppa og fører ofte til forskjellsbehandling i forhold til kor mykje oppfølging dei får*» seier informant 4. Informanten seier òg at dette splitter kameratskap som førar til at idretten vert mindre attraktiv å halde på med, og at det er svært lite motiverande for dei mindre talentfulle spelarane å aldri få trene med spelarane som er meir talentfulle – og at dette har ein klar samanheng med fråfall i ungdomsfotballen.

Informant 4 legg til slutt til viktigskapen av at foreldra driv aktiv oppfølging av ungane og peikar på manglande oppfølging som ei anna årsak til fråfall. «*Det er klart at når du ikkje er engasjert i kva ungane dine driver med, så vil ikkje det motivere dei til å halda fram med det*» avsluttar informant 4.

Informant 2 som er tilsett i klubbens sportslege leiing, har eit anna syn på dette. Han uttalar at det bør vere rom for å kunne dyrke, stimulere og trene dei som har spesielt gode ferdigheiter, eit stort talent og som har eit bra engasjement. Informanten seier tidleg topping er framtida i dei fleste klubbar. Han seier òg at dei vil vere ein klubb som gjer dei beste moglegheita til å verte så gode som dei sjølv vil. «*Men det er ein svært viktig forskjell her, me driv differensiering, ikkje selektering*» legg han til.

Trenaren, informant 3, peikar på at det er eit naturleg fråfall i starten (i 6/7-års alderen) på grunn av låg interesse, og at det deretter oppstår eit nytt fråfall når ungane når 12/13-års alderen, og at dette kjem av auka press, ansvar og høgare krav til prestasjonar, treningsmengd og oppmøte. Informanten tykkjer det er for tidleg å verte ein del av eit prestasjonsorientert motivasjonsklima allereie som 13-åring.

Det er svært interessant å sjå kor ulike syn informantane har kring dette temaet. Foreldra ser tydeleg på topping som den største kjelda til fråfall i fotballen, mens klubbleiinga tykkjer at dette faktisk er framtida, og noko som i høgste grad bør leggest til rette for. Elles vert

viktigheita av oppfølging i heimen nemnd som ein viktig faktor for å unngå fråfall.

Ein anna ting som gjerne pregar dagens ungdom er press om «riktig» treningsutstyr, og at alle skal hiva seg med på ulike aktuelle trendar. Me har spurt informantane om dei har lagt merke til eit slikt press blant spelarane.

Informant 3 føler ikkje det har vore eit stort press om å ha riktig utstyr eller at det oppstår mange hippe trendar som må bli følgt. Ein ting han seier dei derimot ynskjer, er at spelarane skal ha lik treningsdress, og i så måte erkjenner informanten at trenarane kanskje også er med på å bidra til ein form for press.

Informant 1 seier at han tidlegare har opplevd at det var mykje press til å ha «riktige» og «ekte» sko blant dei aller yngste, men det har det blitt mindre av med åra.

Informant 4 har litt same inntrykk som informant 3. Han nemner at trenarane har eit ynskje om at alle på laget skal ei lik treningsdrakt. Han fortel vidare at presset vert påverka av at ungane òg nyttar treningstøyet i fritids- og skulesamanheng og det kan danna sosiale grupperingar. Til slutt peikar han på at det ville vere svært uheldig om nokon på laget skal føle seg ekskludert frå gruppa på grunn av eit slikt utstyrspress.

Eit slikt press som informantane her beskriv er ikkje gunstig for ei gruppe med ungdommar. Det kan bidra til å drepe motivasjon hjå unge fotballspelarar. Ikkje alle har råd til å kjøpa den nyaste skomodellen som gjerne kostar mellom 2500 og 3000 kroner. Me vil i samband med dette gå over på den økonomiske delen av problemstillinga, og spurte foreldra om kva tankar dei gjorde seg kring kostnadsnivået for deltaking på laga, og om dei kunne anslå totalkostnadane for å ha ein aktiv son eller dotter involvert i ungdomsfotballen.

Informant 1:

«Det er kostbart. Dersom ein berre ser på treningsavgifta så er den på 3000 kroner i året, då inkludert fri nytte av treningsfasilitetar. I tillegg kjem utstyr som klede og sko. Det vert nok ein årleg totalkostnad på minimum 10 000 kroner pr. person, om ein inkluderer turneringar og liknande».

Informant 4:

«Me betaler 3000 kroner i trenings- og medlemsavgift. Dette er i utgangspunktet ein fornuftig pris med tanke på at det inneber gode treningsfasilitetar, og moglegheit til å trene året rundt. Utover dette er det ein del utstyr som skal kjøpast for at barnet skal ha moglegheit til å delta på trening. Dette, samt turneringskostnader, utgjer dei største utgiftene i fotballen. I løpet av eit år vil eg anta at 12 000 kroner slett ikkje er ei overdriving i alle fall. Og det har eg full forståing for at kan skapa utfordringar for enkelte».

Me ser av svara til informantane at ein årleg totalkostnad pr. person på 10.000-12.000 kroner vert beskrive som eit minimum. Dette er interessante funn som me skal gå nærare inn på i analysedelen av oppgåva vår.

Me gjekk litt vidare med desse summane, og spurte informant 2 og informant 3 om det har vore tilfelle der spelarar har hatt problem med å betale treningsavgifta, og om dei har gjort seg nokre tankar om kva ein kan gjera for å redusera dagens kostnadsnivå.

Informant 2 innrømmer at klubben har hatt tilfelle der enkeltindivid ikkje har moglegheit til å betale avgifta. I nokre av desse tilfella seier han klubben har subsidiert midlane slik at spelarane det gjeld har fått moglegheit til å delta til tross for manglande betalingsevne i heimen. Med tanke på å få ned kostnadane føler ikkje informanten det er så mykje å gjere. *«Avgiftene må oppretthaldast for å drifte fasilitetane, og marknaden for utstyr vil nok ikkje falle nemneverdig heller i næraste framtid»* seier informanten. Han viser derimot til at laga står fritt til å utføre dugnadar, og det er noko som kan vere ein bidragsytar for at totalkostnadane vert lågare.

Informant 3 seier at han har opplevd tilfelle der enkelte spelarar har hatt problem med å betale trenings- og medlemsavgifta, og at dette typisk gjeld dei som får for lite oppfølging i heimen. Klubben har ved slike tilfelle bidrege økonomisk, eller at andre ordningar som til dømes NAV eller andre hjelp til. Likevel tykkjer informanten at trenings- og medlemsavgifta ikkje er for høg, men faktisk er rimeleg med tanke på kva som inneberer i avgifta. *«For 98% av alle spelarar er dette overkommeleg å betale»*, avsluttar han.

Det oppstår altså tilfelle i klubben der spelarar ikkje har moglegheit til å betale treningsavgifta

på 3000 kroner. Dette er trist, men samstundes ser me at klubben i enkelte tilfelle har subsidiert spelarar, eller at dei har fått midlar av NAV for at spelarane likevel skal få delta.

Til slutt spurte me informant 3, trenaren, om dei hadde nokre konkrete tiltak for å behalde spelarane på laget og kva kan han gjere for å påverke motivasjonsklimaet i spelargruppa. Informanten seier dei har fleire tiltak for å behalde spelarane sine. Eit av tiltaka er å ta spelarane til side med jamne mellomrom, og høyre om det er noko trenarteamet kan gjere annleis. Til dømes kan det vera at trenaren spør ein av spelarane om dei vil spele i ein anna posisjonen på bana, eller om dei vil at han skal endre noko ved trenarstilen hans. I særskilde tilfelle har enkeltspelarar trengt litt tettare oppfølging av trenar, då dei ikkje har like god oppfølging heime. Ved slike tilfelle har klubben hjelpt dei med å minne om treningstider, og å køyre dei til og frå trening. Eit anna viktig tiltak informanten nemner er at dei samlar alderskullet til fellesøkter (1. lag og 2. lag saman) for at motivasjonen skal oppretthaldast i gruppa.

Informantens utsegn tyder på at han er veldig bevisst på korleis han i størst mogleg grad kan påverka motivasjonsklimaet i spelargruppa. Informanten gjer mange tiltak for å halde miljøet i gruppa så godt som mogeleg.

4.2.1 - Oppsummering

Tabell 6: Oppsummering av datainnsamling

	Informant 1	Informant 2	Informant 3	Informant 4
Potensielle årsaker til fråfall i fotball	Prestasjonskultur og selektering.	Dårleg oppfølging av trenarar.	Naturleg fråfall av interesse.	Prestasjonskultur, selektering og dårleg oppfølging frå foreldre.
Topping i ungdomsfotballen?	Nei, går ut over motivasjon og ynskje om å spille fotball.	Ja, det bør vere rom for å dyrke dei mest talentfulle.	Nei, for tidleg med eit prestasjonsorientert motivasjonsklima.	Nei, dette har ein klar samanheng med fråfall i ungdomsfotballen.

Sosialt press rundt utstyr og kle	Tidlegare press på sko, lite angående klede.	Ingen tankar rundt dette.	Ynskjer eit likt treningsantrekk for spelarane. Kan bidra til litt press?	Ja, litt press angående klede då det vert nytta i fritidssamanheng også.
Kostnadsnivå for deltaking	Kostbart. Anslår eit minimum på kr 10 000.	Ikkje relevant grunna leiarrolle.	Ikkje relevant grunna trenerrolle.	Kr 12 000 er ikkje ei overdriving. Kan vere kostbart for enkelte.
For høg treningsavgift?	Kr 3000 for treningsavgift er ein grei avgift med tanke på kva me får for det.	Finst tilfelle der me subsidierer midlar for at utøveren skal få delta. Avgifta er rettferdig med tanke på kva fasilitetar utøvarane har tilgjengeleg.	Er individ som har problem med dette. Mistenker manglande oppfølging i heimen har skulda.	Betaler kr 3000 for deltaking. Fornuftig pris i høve fasilitetane me har her.

5.0 Drøfting og analyse

I dette kapitlet skal me setje våre funn i førre kapittel opp mot teori. Me vil sjå på våre funn av det totale kostnadsnivået og knytte dette opp mot SIFOs referansebudsjett som skal gjenspegle ein alminneleg families budsjett for utgifter. Fokus på breidde eller elite vert eit av dei sentrale spørsmåla ved det sosiale aspektet. Me skal sjå om klubben differensierer og ikkje selekterer slik informant 2 sa. Me vil òg sjå på kva motivasjonsklima me meiner pregar ungdomsfotballen i denne klubben, og drøfte kva følgjer dette potensielt kan ha.

5.1 - Det sosiale perspektivet

Eit av våre mest interessante funn var den store skilnaden i synet på topping. Foreldra me intervjuja var klare på at tidleg topping var den største faktoren for fråfallet i ungdomsfotballen. Utsegna frå den sportslege leiinga i klubben gjekk i motsett retning. Informant 2 meinte at tidleg topping var framtida, og at det burde vera rom for å dyrka dei med spesielt gode ferdigheiter og dei som hadde eit spesielt talent.

Breidde eller elite? Dette er to motpolar i samfunnsdebatten når det gjeld organiseringa av ungdomsfotballen. Dei som vil at breidda skal ivaretaast visar ofte til Norges Fotballforbund og deira to mantra: «*Flest mogleg – lengst mogleg – best mogleg*» og «*fotball for alle*». Elitetenkjarane på si side visar til at A-landslaget har hatt 20 år med svake resultat og at norsk fotball «aldri» har vore svakare.

At skilnadane er så store mellom foreldre og leiinga i klubben er ikkje gunstig. Det er leiinga i klubben som til sjuande og sist avgjer kva dei vel å gjere i sin klubb, men dersom det er gjengs oppfatning blant spelarar og foreldre at dei er ueinige, har klubben eit problem. Fotball skal i dette alderssegmentet fyrst og fremst vere moro og drive av spelaranes indre motivasjon. Denne avstanden kan i høgste grad gå utover den indre motivasjonen til spelarane som ikkje vert like mykje prioritert, og som me kan sjå av vår teori på området viser det seg at enkelte då vel å gje seg med fotball.

Samstundes som informant 2 sa at det burde vera rom for å dyrka dei beste, var han òg veldig oppteken av at det skulle differensierast, ikkje selekterast. I praksis har klubben allereie frå 13-års alder delt spelargruppa inn i to ulike treningsgrupper. Informant 3 seier at det skal rullerast noko på desse to gruppene for å oppretthalde motivasjonsnivået i begge grupper, men ifylgje informant 4 har ikkje dette skjedd.

Gruppene er delt inn etter ferdigheitsnivå, har forskjellige trenarar, trenar på ulike tidspunkt og i tillegg har «1. laget», den gruppa med høgast ferdigheitsnivå, fleire treningar i veka. I teorien vår kjem det fram at eit døme på selektering kan vera å «dela treningsgruppa inn i to eller tre ferdigheitsnivå og la dei trene på ulike tidspunkt, eller å ha treningar som er eksklusivt for nokre av nivåa.».

Informant 2 sine tankar om at klubben i ungdomsfotballen skal drive differensiering og ikkje selektering er på mange måtar ein optimal tankegang, men våre funn på området peikar diverre i retning av det motsette. Når ein driv selektering og har to ulike treningsgrupper som er delt inn etter ferdigheitsnivå vil det naturleg oppstå eit prestasjonsorientert motivasjonsklima på «1. laget», noko me i teorien konkluderte med at kunne bidra til eit svekka samhald og dårlegare sosiale relasjonar mellom spelarane.

«2. laget», den gruppa som vert sagt har det lågaste ferdigheitsnivået, vil kanskje ikkje i like stor grad vere dominert av eit prestasjonsorientert motivasjonsklima, men dei mest ambisiøse spelarane her vil nok også føla på eit prestasjonspress for å ha moglegheita til å bli tatt opp på «1. laget». I ei slik gruppe er det naturleg å anta at det òg vil vera spelarar som ikkje ynskjer å halde fram med fotballen som ein del av eit «2. lag», då dei kanskje føler seg litt satt i bås som ein av dei mindre gode fotballspelarane på sin alder.

5.2 - Det økonomiske perspektivet

I den lokale fotballklubben me har undersøkt har dei valt ei løysing som tilseier at det skal betalast ein årleg medlems- og treningsavgift for å kunne delta på den organiserte treninga. Medlems- og treningskontingent er ein periodekostnad, og ikkje avhengig av deltaking. Me kan difor sjå på medlems- og treningskontingent som ein fast kostnad. Turneringar vert sett på som ein variabel kostnad, då det varierer veldig etter kor mange turneringar ein vel å delta på, samt kor mykje dugnadsinntekt ein får inn. Kostnadar knytt til klede og utstyr varierer med talet på kjøp, denne utgiftsposten vert òg å rekne som ein variabel kostand.

Ungdommane sine utgifter knytt til deltaking i fotballen er i hovudsak direkte kostnader som deltaking på turnering, klede, utstyr, treningar og sosiale hendingar. Vidare vil det òg vera tilfelle av direkte kostnadar for eit hushald, til dømes bilkøyring, i forbindelse med kamp og trening, samt lommepengar til turneringar. Dette er kostnader som er svært uforutsigbare og håplause å talfeste. Det same gjeld dei indirekte kostnadane som mellom anna vasking av klede og vedlikehald av utstyr. Me har difor valt å sjå vekk i frå dei indirekte kostnadane, og berre ta for oss dei direkte kostnadane knytt til deltaking.

Utgiftene knytt til deltaking i organisert fotball er ein utgiftspost i budsjettet til eit hushald. I SIFOs referansebudsjett er det eigen post for kostnader knytt til leik og mediebruk. Denne

posten inneheld sykklar, sportsutstyr, bøker, dataspel, kino og teater. I tillegg gjev budsjettet rom for deltaking i fritidsaktivitetar, og medlemskap i frivillige organisasjonar. Posten gjev òg rom for kjøp og nytte av smarttelefon. SIFOs referansebudsjett har òg ein post for klede og sko. Dette budsjettet skal dekkja klede for alle årstider, klede for vanlege sports- og fritidsaktivitetar, samt til formelle høve. Deltaking i organisert fotball ser me som deltaking i fritidsaktivitetar og me vil difor knytte tal frå intervju opp mot denne posten, i tillegg til å ta med budsjettet for klede og sko, då det vert sagt at det skal dekke klede for sportsaktivitetar. Budsjettet viser at 14-17 åringar har ei månadleg utgift på kr 1160 knytt til leik og mediebruk, samt kr 750 for jenter og kr 620 for gutar knytt til klede og sko. Om me summerer postane, med ein gjennomsnittleg sum mellom jenter og gutar for klede vil me få eit totalt budsjett på $kr\ 1160 + kr\ 685 = kr\ 1\ 845$ per månad.

Informant 1 og 4 hadde utsegn angående dei totale kostnadane knytt til deltakinga i organisert fotball, og desse opplysningane vil me sette opp mot SIFOs sine referansebudsjett.

Begge informantane var einige om at det var ein betydeleg kostnad for å delta i fotballen:

Informant 1: *«Det er kostbart. (...) Det vert nok ein årleg totalkostnad på minimum 10 000 kroner pr. person, om ein inkluderer turneringar og liknande».*


Informant 4: *«(...) I løpet av eit år vil eg anta at 12 000 kroner slett ikkje er ei overdriving i alle fall. Og det har eg full forståing for at kan skapa utfordringar for enkelte».*

Ordlyden rundt informantane sine meiningar om totalkostnaden tilseier at det å anta at kroner 12 000 slett ikkje er ei overdriving, og me vil difor nytte denne summen vidare for å framstille korleis den utgifta påverkar SIFOs referansebudsjett.

Den årlege utgifta på kroner 12 000 kan delast opp i ein månadleg sum på kroner 1 000. Ved å sjå det opp mot SIFOs referansebudsjett for leik og mediebruk, samt klede og sko, har me tilgjengeleg kroner 1 845. Per månad vert med andre ord 54,2% av SIFOs referansebudsjett nytta til å dekke kostnadane for fotball. I løpet av eit år går kroner 12 000 av kroner 22 140. Igjen står det kr 10 140 som skal dekke mobil, sykklar, bøker, dataspel, kino, teater, klede for fire årstider, samt antrekk for formelle høve. Eit månadleg budsjett på kroner 845 for å


overhalde alle andre kostnader knytt til leik og mediebruk, samt klede og sko er rett og slett uoppnåeleg.

Figur 3: Grafisk framstilling av utgifter knytt til fotball



På bakgrunn av tala SIFO har tatt utgangspunkt i er det grunn til å tru at ”folk flest” vil enda opp med eit liknande budsjett om dei skal spele fotball på lik linje med ungdommane i vår undersøking. Samtidig er det ikkje grunn til å tru at informantane i undersøkinga vår har kjøpt unødvendig lukrativt utstyr, då inntektsnivået i Sogndal kommune sett opp mot det nasjonale er høvesvis 9,15% lågare for hushalda par m/barn og 3,04% høgare for einslege m/barn.

Figur 4: Grafisk framstilling av inntektsforskjellane i Noreg og Sogndal



Samstundes har ikkje SIFO tatt omsyn til hushaldet si inntekt i danninga av referansebudsjettet. Forbruk varierer frå hushald til hushald av fleire faktorar, så det er ikkje

alle hushald som kan reknast under SIFO sine budsjett for «folk flest». På den andre sida er det også hushald som ikkje har inntekt til å oppfylle SIFO sine budsjett, sjølv om det skal vere eit rimeleg forbruksnivå. Hushald med god inntekt tillét seg derimot ofte eit høgare forbruksnivå ein kva SIFO sitt budsjett tilseier og fell difor ikkje innanfor «folk flest». Sidan inntekta i Sogndal kommune er relativt lik med den nasjonale er det då rimeleg å anta at innbyggjarane i Sogndal kommune er som «folk flest», og at det er rimeleg å anta at det er overførbart til SIFOs referansebudsjett.

Informant 2 seier at han veit om tilfelle der spelarar ikkje har hatt pengar til å betale medlems- og treningsavgift. Informant 3 legg til at det er tre spelarar på laget han er trenar for som slit med å betale medlems- og treningsavgift. Det er altså fleire døme på at familiar som kanskje fell utanfor SIFOs «folk flest», og som ikkje har moglegheit til å delta i den organiserte idretten på grunna av økonomiske forhold, dersom det ikkje hadde vore for klubben si gode tilrettelegging. På bakgrunn av SIFO sitt referansebudsjett og at det er tre spelarar som ikkje har hatt moglegheit til å betale, ser me at det potensielt kan oppstå problem i eit økonomisk perspektiv. Det ser likevel ikkje ut til å gjelde mange, og dei få som har problem får i stor grad hjelp av anten NAV eller klubben slik at ungdommane får fortsette med fotball.

6.0 Konklusjon

Formålet med vår bacheloroppgåve var å sjå på kva faktorar som bidreg til fråfallet i ungdomsfotballen i Sogndal. Me delte problemstillinga i to, og undersøkte faktorar knytt til både økonomiske og sosiale forhold.

Kan økonomiske forhold vera ein faktor?

Våre funn tydar ikkje på det. Referansebudsjettet frå SIFO sett opp mot kostnadsnivået informantane meiner dei ligg på viser riktig nok at det i nokre tilfelle kan skapa utfordringar og krevje relativt store endringar i budsjettet, men basert på våre funn her i Sogndal ser det ikkje ut til at økonomi er ein avgrensande faktor for deltaking.

I dei særskilde tilfella der enkelte ikkje har moglegheit til å betale medlem- og treningsavgift viser våre funn at det finnst fleire støtteordningar gjennom NAV der ein kan få økonomisk støtte til å delta, og i enkelte tilfelle har til og med klubben gått inn og støtta spelarar økonomisk. Konklusjonen vert her at økonomiske forhold ikkje er ein avgjerande faktor for fråfallet i ungdomsfotballen her i Sogndal.

Kan sosiale forhold vera ein faktor?

Dei sosiale forholda ser ut til å spele ei viktig rolle. Den indre motivasjonen er det som driv dei unge fotballspelarane, og dersom denne ikkje vert oppretthalde vil det resultere i fråfall. At klubben uttrykkar at dei ynskjer å differensiere er eit svært bra tiltak for å ivareta spelarane sin indre motivasjon. Det viser seg diverre at dette ikkje vert gjennomført i like stor grad i praksis, og at organiseringa i større grad vert prega av selektering. Våre funn på området tydar på at selektering i ungdomsfotballen kan bidra til å svekka samhaldet, skapar dårlegare sosiale relasjonar mellom spelarane, og i tillegg kan det setje enkelte spelarar i bås som svakare enn andre. Summen av desse faktorane vert at den indre motivasjonen vert svekka, og fråfall oppstår.

Me konkluderer med at den viktigaste faktoren til fråfallet i ungdomsfotballen i Sogndal er knytt til sosiale forhold. Dei økonomiske forholda kan òg skapa utfordringar for mange, men god tilrettelegging frå NAV og klubben bidreg til å minimere dette problemet.

6.1 - Vidare forskning

Basert på vår forskning og undersøking vil det vere naturleg å ta steget vidare å finne omfanget rundt våre funn. Ein naturleg veg vidare kan til dømes vere ei kvalitativ undersøking hjå ungdommar som allereie har slutta i organisert fotball, og sjå om det er samanheng mellom deira erfaring og funna i denne undersøkinga. Det kan også vere interessant å utføre ei kvantitativ spørjeundersøking hjå foreldra for å sjå om dei økonomiske rammevilkåra er meir betydelege enn våre funn tyder på.

7. Referanseliste

Ames, C. (1992) Achievement goals, motivational climate, and motivational processes. I G. C. Roberts (Red.), *Motivation in sport and exercise* (s.161-176). Champaign, IL: Human Kinetics.

Ames, C., & Archer, J. (1998). *Achievement goals in the classroom: Students' learning strategies and motivation processes*. Journal of Educational Psychology, s. 80.

Cassell, C., & Symon, G. (2004). Essential guide to qualitative methods in organizational research. London: SAGE publications Ltd. Henta frå:

<https://smpncilebak2011.files.wordpress.com/2011/11/essential-guide-to-qualitative-in-organizational-research.pdf>

Dagens Næringsliv (2006, 13. oktober) Barna flår deg. Henta frå:

<https://www.dn.no/privatokonomi/barna-flar-deg/1-1-825848>

Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. 5. utgave, 1. opplag. Gyldendal Norsk Forlag AS

Deci, E. L., & Ryan, R. M. (1985). *Intrinsic motivation and self-determination in human behavior*. New York: Plenum Press.

Deci, E. L., & Ryan, R. M. (2000). The «What» and «why» of global Pursuits: Human Needs and Self-Determination of Behavior. *Psychological Inquiry*, 11(4), 227-268.

doi:10.1207/S15327965PLI1104_01

Deci, E. L., & Ryan, R. M. (2002). *Handbook of Self-Determination Research*. New York: The University of Rochester Press.

Halvorsen, K. (2002). *Forskningsmetode for helse- og sosialfag: en innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Cappelen Akademiske Forlag

Holden, B. (2010). *Motivasjon* (pp. 60-79). Oslo.

Holte, C.B. & Nøstdal, C.T. (2016). *En studie av kostnadsnivået for ungdomsdeltakelse i organisert fotball i Oslo*. (Mastergradsavhandling, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet). Henta frå:

<https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/2400974/HolteNostdal-2016.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

Hveem, D. I. (1998). *Privatøkonomiske emner*. Oslo: BI senter for finansutdanning. s. 472

Imsen, G. (2008) *Elevenes verden. Innføring i pedagogisk psykologi*. Oslo: Universitetsforlaget.

Jacobsen, D.A. (2005). *Hvordan gjennomføre undersøkelser - Innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. 2. utgave. Høyskoleforlaget.

Keegan, R. J., Harwood, C. G., Spray, C. M., & Lavalley, D. E. (2009). A qualitative investigation exploring the motivational climate in early career sports participants: Coach, parent and peer influences on sport motivation. *Psychology of sport and exercise*, 10(3), s. 361-372

Kultur- og kirke departementet (2002). *Idrett for alle*. Henta frå:
https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/idrett_for_alle/id265722/

Lang, L. (1993). *Strategy for personal finance* 5th edition. USA. s. 767

Larsen, A.K. (2010). En enklere metode (3.utg). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Larsen, Ø. (2011). *Flest mulig – lengst mulig – best mulig*. Oslo, Akilles forlag.

Laugaland, J., Schibevaag, T., & Rørvik, S. (2018, 21. august) Tusenvis av barn vert utestengt frå idretten – vert for dyrt. *NRK*. Henta frå: <https://www.nrk.no/rogaland/tusenvis-av-barn-utestengt-fra-idretten--vert-for-dyrt-1.14174413>

Nicholls, J. G. (1984). Achievement motivation conceptions of ability, subjective experience. In P.-N. Lemyre, *Determinants of Burnout in Elite athletes: a multidimensional perspective*, 2005 (s. 3-75) Oslo: Dissertation, Norwegian University of Sport and Physical Education.

Nicholls, J. G. (1989). The competitive Ethos and Democratic Education. In N. Ntoumantis, *Empirical links between achievement goal theory and self-determination theory in sport*, 2001. Journal of Sports Sciences.

Norges Fotballforbund (u.å). Barnefotball. Verdier og virkemidler. Henta frå: <https://www.fotball.no/globalassets/barn-og-ungdom/verdier-og-virkemidler/barnefotball.pdf>

Norges Fotballforbund (2018). Årsrapport 2017. Henta frå: <https://view.joomag.com/nff-nff-%C3%85rsrapport-2017/0449189001518785583?short>

Norges Idrettsforbund (u.å). Ungdomsidrett. Henta frå: <https://www.idrettsforbundet.no/tema/ungdomsidrett/>

Ommundsen, Y. (2006). Psykologisk læringsklima i kroppsøving og idrett. I Ingebrigtsen, J. E. & Sigmundsson, H. (Red.), *Idrettspedagogikk* (s. 47-61). Oslo: Universitetsforlaget.

Rabbevåg, F. (1992). God råd, Økonomihåndboken. Oslo: Aschehoug & Co. s. 237

Roberts, G C. (2001). Understanding the gymnastics of motivation in physical activity: The

influence of achievement goals on motivational processes. I G. C. Roberts (Red.), *Advances in motivation in sport and exercise* (s. 1-50). Champaign IL: Human Kinetics.

Roberts, G. C. (2012). Motivation in Sport and Exercise From an Achievement Goal Theory Perspective: After 30 Years, Where Are We? I G. C. Roberts & D. C. Treasure (Red.) *Advances in Motivation in Sport and Exercise* (s. 5-58). Champaign, IL: Human Kinetics.

Rudisill, M. E. (2016). Mastery Motivational Climates: Motivation Children to Move and Learn in Physical Education Contexts. *Kinesiology Review*, 5, 157-169. doi: 10.1123/kr.2016-0009.

Seippel, Ø. (2005). *Orker ikke, gidder ikke, passer ikke? Om frafallet i norsk idrett*. Henta frå: https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/177519/R_2005_3.pdf?sequence=3&isAllowed=y

Shaw, D., Gorely, T., & Corban, R. (2005) *sport & exercise psychology* [Print edition] New York: Garland Science/BIOS Scientific Publishers. Henta frå <https://ebookcentral.proquest.com/lib/hogskbergen-ebooks/reader.action?docID=199859>

Skaalvik, E.M., Skaalvik, S. (2015). Motivasjon for læring. Teori og praksis. Universitetsforlaget. Kap. 4 (s. 42-54).

Skatteetaten. (2019, 4.mars). Skattesystemet i Norge. Henta 02.03.19 frå: <https://www.skatteetaten.no/om-skatteetaten/om-oss/skattesystemet-i-norge/>

Statens institutt for forbruksforskning (u.å.a). *Om SIFO*. Henta 06.03.2019 frå: <https://www.oslomet.no/om/sifo/om-sifo>

Statens institutt for forbruksforskning (u.å.b). *SIFOs Referansebudsjett for forbruksutgifter 2018*. Henta 06.03.2019 frå: <http://www.hioa.no/Om-OsloMet/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/SIFO/Referansebudsjettet/Om-budsjettet>

Statens institutt for forbruksforskning (u.å.c). *Utfyllende om de enkelte forbruksområdene.*

Henta 06.03.2019 frå: <http://www.hioa.no/Om-OsloMet/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/SIFO/Referansebudsjettet/Utfyllande-om-dei-enkelte-forbruksomraada>

Statistisk Sentralbyrå. (2017, 1.februar). *Gjennomsnitt, median eller kvartiler?.*

Henta 07.03.19 frå: <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/gjennomsnitt-median-eller-kvartiler>

Statistisk Sentralbyrå. (2018, 21.juni). *Familie og husholdninger..*

Henta 03.03.19 frå: <https://www.ssb.no/familie/>

Statistisk Sentralbyrå. (2018, 20.desember). *Inntekts- og formuestatistikk for husholdninger.*

Henta 07.03.19 frå: <https://www.ssb.no/kommunefakta/sogndal>

Storø, O. I. (2006). *Du og jeg og vi to* (Mastergradsavhandling, Universitet i Oslo). Henta

13.04.19 frå:

<https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/16582/Duxogxjegxogxvixto.pdf?sequence=1&isAllowed=y&fbclid=IwAR0Qftwk2D61AKh1ixHUTKAOz1IDwCXRJXIVQypEESm-0Dp1ZoYXCtWfHoA>